

Til
Fylkesutvalet i Hordaland
v/fylkesordfører Tom-Christer Nilsen

Dato, 22. april 2015.

Om fylkeskommunen sin uttale til høyringa «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet»

I likskap med ordførarar i dei fleste kommunar, følgjer vi saka om høyringsutale til stamvegutgreiinga med største interesse. Vi ønskjer å koma med eit innspel som etter vårt syn har kome for dårleg fram til fylkesutvalet si handsaming av saka.

Aust-vestutgreiinga har hatt som mål å koma med klare og spissa konklusjonar. Ein av dei tydelegaste konklusjonane, er det store potensialet for samfunnøkonomisk gevinst som ligg i bygging av ein arm (Hordalandsdiagonalen) frå Jøsendal til Bergen for å koplå Hordaland og Bergen betre opp mot E134 Haukeli. Utvikling av større arbeids- og sørvisregionar, kortare reisetid, stor trafikk legg grunnlaget for ein samfunnsøkonomisk nettonytte som i utgreiinga er berekna til 14 milliardar isolert sett for denne armen. Det er den høgaste for alle vegsambanda i utgreiinga.

Vi meiner Hordaland fylkeskommune har eit særskilt ansvar for å lyfta fram dette prosjektet ved byggja opp under dei klåre konklusjonane som den faglege utgreiinga viser.

- Hordalandsdiagonalen bør vera ein naturleg del av E134 satsinga i Hordaland, og bør ikkje ha lågaste prioritet av dei omtalte prosjekt.
- Å gjennomføra ein KVV for strekningen bør ikkje skyvast fram i tid, men heller prioriterast raskt for å få beslutningsgrunnlag som kan vera med på å framskunda prosjektet.

Vi ber fylkesutvalet vurdera klårare formuleringar som syner eit ambisjonsnivå og sikrar framdrift i prosjektet på nivå med dei positive konklusjonane som Statens Vegvesen kjem med i «Utredninger om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet».

Med helsing

John Opdal (sign.)
ordfører Odda kommune

Asbjørn Tolo (sign.)
ordfører Kvam herad

Solfrid Borge (sign.)
ordfører Ullensvang herad

Synnøve Solbakken (sign.)
ordfører i Kvinnherad kommune

Hans Vindenes (sign.)
ordfører i Fusa kommune

Marit Aase (sign.)
ordfører Samnanger kommune

Jon Larsgard (sign.)
ordfører Jondal kommune